



Arkiv: FE-113, PLANNAMN-
Kommunedelplan for
naturmangfald,
PLANTYPE-21

JournalpostID: 26/37515

Saksbehandlar: Marte Sofie Søreide

Dato: 10.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/035	Stad eldreråd	31.08.2026
26/033	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2026
26/039	Stad ungdomsråd	31.08.2026
26/040	Planutval	01.09.2026
26/067	Samfunnsutval	02.09.2026
26/104	Stad formannskap	03.09.2026

Offentleg høyring - Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038

Bakgrunn for saka:

Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert no lagt fram for politisk behandling til offentleg ettersyn. For Stad kommune vil dette vere den første heilskaplege planen for naturmangfald i kommunen, og planen gir retning i kommunen sitt arbeid med naturmangfald. Planen medfører ingen auka forpliktingar når det gjeld å ta omsyn til overordna nasjonale eller regionale miljøinteresser, men følgjer opp det ansvaret som norske kommunar allereie er forplikta til å ta.

Arbeidet med naturmangfaldplanen starta opp våren 2025, og Stad formannskap la ut planprogrammet på høyring i juni 2025. I løpet av høyringsperioden blei det gjennomført ein politisk arbeidsverkstad i formannskapet i september 2025. Innspela frå arbeidsverkstaden blei tatt med i den endelege versjon av planprogrammet som blei vedteke av kommunestyret 23. oktober 2025.

Ein politisk arbeidsverkstad blei også gjennomført i april 2026 i planutvalet, med ei orientering om arbeidet med naturmangfaldplanen etterfølgt av eit gruppearbeid. Innspela frå arbeidsverkstaden blei tatt med vidare i arbeidet med planen, og ei oppsummering av arbeidsverkstaden blei lagt fram for kommunestyret 7. mai 2026.

Offentleg ettersyn av planforslaget skal sikre at ulike interessentar får uttale seg før politisk behandling ved endeleg vedtak av planen. I tillegg til formannskapet får råda og utvala saka lagt fram og har dermed høve til å bidra med sine perspektiv før planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet har mynde til å leggje planen ut til offentleg ettersyn. Kommunestyret har vedtaksmynde etter at planen har vore på høyring.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentleg

ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentlig ettersyn.

Vedlegg i saka:

18.08.2026	Handlingsdel naturmangfald	1876854
18.08.2026	Kunnskapsdel naturmangfald	1876855
18.08.2026	Naturhefte	1876856

Stad eldreråd 31.08.2026:

Handsaming:

SER - 26/035 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentlig ettersyn.

Stad ungdomsråd 31.08.2026:

Handsaming:

SUR - 26/039 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentlig ettersyn.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 31.08.2026:

Handsaming:

SRN - 26/033 Vedtak:

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentlig ettersyn.

Planutval 01.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV - 26/040 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Samfunnsutval 02.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF - 26/067 Vedtak:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/104 Vedtak:

1. Forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i planforslaget og kunnskapsgrunnlaget før offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Kommunedelplan for naturmangfald er ein langsiktig plan for naturmangfaldet i kommunen. Planen skal sikre at naturen blir forvalta på ein god måte og gjennom dette bidra til å stanse tap av naturmangfald. Handlingsdelen identifiserer konkrete tiltak for naturverdiane, som skal sikre den praktiske oppfølginga av planen så naturen faktisk blir forvalta på ein god måte. Planen skal også fungere som eit viktig kunnskapsgrunnlag til meir grundige interessevurderingar som skal gjerast i komande arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Gjennom naturmangfaldplanen er kunnskapen om naturmangfaldet samla og systematisert, slik at fleire får kjennskap til kva verdiar som finst. Planen bidrar også til å løfte fram naturområde som har

verdi lokalt og som ikkje nødvendigvis er synlege i offentlege databasar frå før.

Oppbygging av planen:

- Kommunedelplan for naturmangfald er det operative plandokumentet i Framsikt, og inneheld mål, tre innsatsområde og strategiar. Måla er henta frå “Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038”, og planen er dermed ei direkte oppfølging av samfunnsdelen. Under kvart innsatsområde er det definert strategiar som kommunestyret skal følge opp. Strategiane viser kva veg kommunen skal gå for å oppnå måla. Vi har valt ut følgjande innsatsområde:
 - Innsatsområde 1: Naturforvaltning
 - Innsatsområde 2: Arealforvaltning
 - Innsatsområde 3: Formidling og samhandling

[Lenke til planen](#)

Vedlegg til planen (desse er også tilgjengeleg som lenker i planen over):

- Handlingsdelen viser prioriterte tiltak for perioden 2026-2029. Handlingsdelen er den konkrete oppfølginga av planen. Dei fleste tiltaka er avhengige av enten interne ressursar og/eller ekstern finansiering. Prioritering av tiltak kan derfor bli endra.
- Kunnskapsdelen gir ei oversikt over naturmangfaldet i Stad kommune og forvaltning av naturen. Kunnskapsdelen gjev oss den nødvendige bakgrunnsinformasjonen og forståinga for prioriteringar i planen, og mesteparten av innhaldet i kunnskapsdelen er derfor tatt inn i sjølve planen, hovudsakeleg under innsatsområde 1.
- Temakart naturmiljø skal nyttast i lokal forvaltning og arealplanlegging. Naturmiljøa som er teikna inn i kartet er tenkt nytta som *omsynssone for naturmiljø* i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Dette gjerast for å sikre omsynet til viktige naturmiljø og samanhengen mellom disse.
 - [Lenke til temakartet](#)
- Naturheftet viser artar og naturtypar som er særigne for Stad kommune, og som kommunen meiner har ein stor verdi lokalt. Vi ønskjer derfor å ha eit ekstra fokus på desse artane og naturtypene for å sikre at dei blir forvalta på ein god måte, og skape stoltheit og eigarskap til naturverdiane i kommunen.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at forslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038 vert lagt ut til offentleg ettersyn. Framlegg til planen er ikkje eit endeleg dokument, men eit utgangspunkt for vidare drøfting og forbetring. Offentleg ettersyn er ein viktig fase i planprosessen for å få inn ulike perspektiv og sikre heilskapen i planen.

Planen er utarbeidd av miljøvernrådsgjevar ved plan og forvaltning, med hjelp av ei administrativ prosjektgruppe med kompetanse innan miljø, arealplan og landbruk. Det har også blitt gjennomført fleire møte med ulike representantar frå miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland gjennom planarbeidet for å få innspel til arbeidet, og ha dialog om kva som bør prioriterast og for å finne ut korleis samarbeide med Statsforvaltaren om tiltak for natur.

Gjennom utarbeiding av planen har kommunen allereie fått ein del innspel gjennom politiske orienteringar og arbeidsverkstadar. Det er også henta inn innspel frå lokale lag og organisasjonar, og innbyggjarane om lokalt viktig natur. Resultatet frå dette arbeidet er tatt inn i «temakart naturmiljø», som er eit vedlegg til naturmangfaldplanen. Temakartet er utarbeidd av Norconsult, som tok over arbeidet med kartet grunna manglande kapasitet internt. Kostnadar knytt til utarbeiding av kartet dekkast av tilskotsmidlane.

Det er lagt opp til medverknad gjennom høyringsperioden. Framlegget skal også sendast direkte til regionale styresmakter, nabokommunar, lag og organisasjonar. Når fristen for uttale til planforslaget er ute, vil kommunedirektøren samanfatte innkomne uttalar og legge kommunedelplanen fram for endeleg vedtak.

Økonomisk berekraft:

Vedtaket i saka vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar. Kommunen har fått innvilga kr. 400 000,- i natursatmidlar frå Miljødirektoratet til å gjennomføre planarbeidet, og planarbeidet løysast innanfor tilskotsramma.

Miljømessig berekraft:

Kommunedelplan for naturmangfald vil gi oss auka kunnskap og bevisstheit om naturen, som grunnlag for interesseavveging. Ein slik plan vil derfor vere svært positivt for den miljømessige berekrafta, ved at vi legg betre til rette for ei kunnskapsbasert forvalting av naturmangfaldet i kommunen.

Sosial berekraft:

Arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald vil vere positivt for den sosiale berekrafta. Dette kjem av at natur er viktig for menneske sin livskvalitet og sosiale forhold, mellom anna som ein viktig arena for friluftsliv, rekreasjon og som møteplass.